

Fornøgde Uskedalsjenter på sumarskicamp.

02.07.2016



Ein flott gjeng frå Uskedalen og Ternen på Sumarskicamp.

Saima Kristine L. Døssland, Silje Soldal og Emma M. Ripel er tre jenter som er aktive og flinke i mange samanhengar. Felles for alle tre er at dei er ivrige og gode langrennsløparar. Denne veka har dei hatt det veldig kjekt som deltarar på Isklar sumarcamp i Jondal som vart arrangert av Hordaland skikrets.



Uskedalsjentene med romvenniner, andre venninner, Chris Jespersen og Tore B. Berdal.

Dei tre jentene var saman med langrennsløparar og skiskytтарar frå heile Hordaland som var fødde i åra 2001-2004. Tilsaman var det 48 deltakarar. Desse budde på Hardangerakademiet, og Uskedalsjentene budde på rom med 3 jenter frå Ternen. Dei knytte også nye vennskap, og særleg fekk dei god kontakt med to jenter frå Kvam. Campen starta onsdag med 'Bli kjent-samling' og ei treningsøkt. Dei neste dagane var det fleire økter til dagen, og programmet inneholdt både styrke/spenst, barmarkstrening som elghufs, rulleskiøkter, og så var dei på breen og hadde treningsøkter på ski to dagar. Treningane var både harde og kjekke.

Trenarane var henta på øvste hylle. Mellom dei var to profesjonelle langrennsløparar. Chris Jespersen er nok mest kjent, men så kan også visa til 2.plass samanlagt i Tour de Ski og topplassering i OL i Sotsji. Tore Bjørseth Berdal har også internasjonale topplasseringar, men han er kanskje ikke kjent for folk flest siden han har spesialisert seg på langløp. I årets Marcialonga, ein av klassikarane i langløp, kom han heilt oppe på 4.plass. Han kan også visa til 2.plass i König Ludvig lauf. Sjølvsagt sikra jentene seg autograferne til dei to kjendisane.

Dei hadde også ein inspirasjonskveld, Treningsprat, med Chris Jespersen.

Elles fortel jentene at dei hadde mykje moro saman med resten av deltakarane. Ein episode dei lattermildt fortalte om var at det hang eit bilet av Mahatma Ghandi rommet då dei kom. Dette syns dei verka litt skummelt med det same så dei fekk tatt det ned. Etter ei stund fann dei ut at dei ønskte det på veggen att, men då var det

ikkje å få tak i. Dei hadde i alle fall fått med seg setningar om 'ikkjevald' og 'fred er vegen' så då hadde dei i alle fall fått med seg den viktigaste i bodskapen til Ghandi.

Det var tre fornøgde, men litt trøtte jenter som kom til Grano i 15-tida i dag. På heimturen sat dei på med ein av trenarane som skulle vidare til Stord. Dei uttrykte at dei var svært takksame overfor alle som hadde gjort ein innsats for at dei skulle få oppleva den kjekke samlinga.



Flotte skiforhold i juli



Rulleskitrening på Sumarcampen.



Godt med litt avslapning mellom harde treningsøkter.



Saima(f.v.), Emma og Silje var svært fornøgde med dagane i Jondal.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Private foto og Thor Inge Døssland.

